

Meland kommune  
Adm. stab rådmann

Skrivebordsøving 20.12.16 frå kl. 09.00 – kl. 11.00 på formannskapssalen.

Scenario: Utrasing av veg på Fløksand.

Til stades: Øyvind Oddekalv, Ingvild Hjelmtveit, Kari Anne Iversen, Tord Moltumyr, Anny Bastesen, Helge Kvam, Britt Romarheim, Harry Finseth, Berit M. Eskeland, Irene Haukeland, Grethe E. Lindøen og Karl Johannes Romarheim

Kommunen er uroa over grunntilhøva i området rundt Leiro på Fløksand. Det har vore utført anleggsarbeid i området i samband med legging av vassleidning, Statens Vegvesen har gjort undersøkingar i samband med planane for utbetring av vegen og det er observert synlege setningsskadar på vegen. (SVV tilrår truleg alternativ trasé for denne utbetringa).

KKL drøfta kva konsekvensar ei mogleg utrasing av vegen vil kunne medføre, sjå tabell over behov, handling og ansvar.

Behov	Handling	Ansvar
Heimebuande med kommunalt omsorgsbehov	Skaffe oversikt, prioritere, kontakte pårørande, skaffe transportmiddel	Tenesteområdeleiar, avd.leiarar
Pasientbehandling - akutt	Gi råd på telefon, vurdere luftambulanse, bruke event helsepersonell på staden	Legevakt utanom arbeidstid, vakthavende lege

Pasientbehandling- ikkje akutt	Vurdere nødvendighet og om det kan utsetjast, vurdere hastegraden, vurdere om pasient må evakuerast. Informere om event transportmulighet. Pasientar som ikkje kan møte til avtaler må ta kontakt med behandlingsstad	Fastlege, event sjukehus
Transportbehov, båt forbi rasstad	Kontakte Skyss og naudetat (brannvesen). Kontaktinformasjon Skyss og Statens vegvesen	Ordførar organiserer møte med Skyss.
Transportbehov internt i kommunen, nord for rasstad	Bruke heimetenesta sine bilar, skaffe drivstoff. Kontakte frivillige organisasjonar og frivilligsentral	Heimetenesta, Forsyningsgruppa
Informasjon til innbyggjarane	Bruke kommunen sine heimesider og facebook, sms-varsling, lokalavisene sine nettsider og lokalradio	KKL - informasjonsgruppe
Skule og barnehage	Rutine for stenging	KKL i samråd med rektor og barnehagestyrar
Strømforsyning	Få oversikt over trace, vurdere behov for aggregat	BKK
Vassforsyning	Kople inn Skurtveit vassverk og innføre kokevarsel	PUK og teknisk vakt

Evakuering	Vurdere om pasientar bør innkvarterast midlertidig ved sjukeheimen eller hos pårørende for å kunne ha tilgang til helse og omsorgstenster	Heimetenesta og helse
------------	---	-----------------------

**Referert av**

**Grethe Lindøen/Kari Anne Iversen**

